



Vår dato:

07.12.2020

Vår ref:

2019/11776

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Alver kommune

Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Svein Kornerud, 5557 2027

Mekling - Alver kommune - Vestland fylkeskommune - reguleringsplan Meland kyrkjegard - Alver

Det var mekling mellom Alver kommune og Vestland fylkeskommune om reguleringsplan for Meland kyrkjegard den 04.12.20. Meklinga var digital på Teams.

Følgjande deltok:

Alver kommune:

- Øyvind Helland Oddekalv, varaordfører
- Malin Helene Andvik, utvalsleiar areal, plan og miljø
- Siril Therese Sylta, tenesteleiar arealforvaltning
- Marianne Aadland Sandvik, avdelingsleiar for plan & byggesak
- Lennart Falkenberg-Arell, rådgjevar plan & byggesak

Vestland fylkeskommune:

- fylkesvaraordfører Natalia Golis
fylkeskonservator David Sandved
- fagleiar Eva Katrine R. Taule

Meklinga er eit framhald av mekling den 12.12.2019, sjå vårt brev av 19.02.2020. Det har i hovudsak vore diskutert ulike løysingar for veg forbi kyrkja og langs kyrkjegarden på nordsida av denne. frå meklingsmøtet den 12.12.2019 heiter det om dette, sjå brev av 19.02,2020:

«Det vart lagt fram forslag til ein noko enklare vegstandard i foreslått trase, og der partane måtte vurdere anna vegdekke og føresegner for det. Det måtte partane undersøke og vurdere nærare, og trong tid utanom meklingsmøtet til slike avklåringar. Det blei avtalt at kommunen og fylkeskommunen har kontakt med kvarandre utanom og i forlenging av denne meklinga.»

Partane hadde skriftleg kontakt med kvarandre i januar 2020 utan å komme fram til semje i saka. Det har ikkje vore kontakt mellom partane etter det. Meklinga var ikkje avslutta og held fram med dette.



Det var mekla om vegløyisinga. Partane la fram sine syn. Ein vart samde om følgjande for vegløyisinga:

- Det skal vere to vegar.
- Den noverande vegen som går framom kyrkja, skal vere hovudvegen til og forbi kyrkja og til gravplassane. Denne vegen skal stå fram som det naturlege førstevalet med plassering, utforming av avkøyrsla, standard på sjølve vegen og eventuelt skilting.
- Denne hovudvegen forbi kyrkja skal ha skilt som viser at det ikkje er gjennomkøyting til andre eigedommar når det er arrangement i kyrkja. Det skal då visast til den alternative vegen. Skiltet skal vere dekt til når det ikkje er trong for ordninga med alternativ veg og står avdekt når det er arrangement i kyrkja. Kyrkja sørger for å organisere av- og tildekking.
- Det skal etablerast ein ny veg som avlastingsveg nord for og langs kyrkjemuren. Dette er ein avlastingsveg som berre skal nyttast for gjennomkøyting til andre eigedommar ved arrangement i kyrkja, sjå ovanfor. Denne vegen skal visuelt ha eit grasdekke. Kommunen må sørge for at det blir vedlikehalde.

For konklusjonen i meklinga spesifiserte ein ikkje detaljane i vegoppbygginga for avlastingsvegen. Fylkesmannen viser som meklar til det forslaget som låg til grunn for vurderingane som partane skulle gjere etter første meklingsmøte, og som var grunnlaget for meklinga no. Vi oppfattar det slik at det er ei slik vegløyising som er grunnlaget for meklingsresultatet.

Meklinga førte fram for det som det vart mekla om. Motsegna frå Vestland fylkeskommune til dette punktet fell bort dersom Alver kommune vedtek planforslaget i samsvar med meklingsresultatet.

Det står etter dette att å bli samde om alternativ tilkomst til den gamle kyrkjegarden for drift av denne, dersom eller når ein stenger tilkomsten direkte frå fylkesvegen. Fylkesmannen ber som meklar om at kommunen først ser på ein alternativ tilkomst for drift av kyrkjegarden på bakgrunn av vegløyisinga etter meklinga, då denne skil seg frå planforslaget. Begge partar må kunne akseptere ei løysing for tilkomst for drift av kyrkjegarden for at Vestland fylkeskommune skal kunne trekke motsegna til denne delen av planforslaget. Vi ber derfor partane om å ha tilstrekkeleg kontakt for å finne ei slik løysing.

Dersom partane ikkje finn ei akseptabel løysing for tilkomst for drift av kyrkjegarden, må temaet bli tatt opp til mekling. Vi minner om at det ikkje er mekla ferdig om denne motsegna, og at saka ikkje skal sendast til departementet utan at det er gjort.

Fylkesmannen ber om å bli underretta om resultatet av kontakten mellom partane for denne delen av planforslaget.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Svein Kornerud
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN